



Etne kommune
Sjoarvegen 2, 5590 Etne

Bergen, 20.03.2023

Bekymringsmelding om forsøpling i Etne

Naturvernforbundet har motteke ei bekymringsmelding vedrørende dumping av 40-50 lastebillass avfallsmassar på eit jorde i nærleiken av Stødlevegen 80 i Etne. Ifølgje innringar er det Etne betong som har dumpa massane før dei tippa andre massar over for å dekkja til.

Naturvernforbundet Hordaland har ikkje sjølv vore på synfaring, men i og med at jordet ligg like ved ei lakseelv, er me uroa for avrenning dersom det stemmer at massane som har blitt dumpa inneheld restbetong eller andre ureine massar. Derfor ber me om at Etne kommune fylgjer opp saka og undersøker massene det er snakk om.

Me viser til forureiningslova § 28 (forbod mot forsøpling) som seier at «*Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjæmmende eller være til skade eller ulempe for miljøet*» samt § 32 Håndtering av næringsavfall: «*Den som produserer næringsavfall, skal sørge for at avfallet blir brakt til lovlig avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning, slik at det enten opphører å være avfall eller på annen måte kommer til nytte ved å erstatte materialer som ellers ville blitt brukt. (...)*».

Me minner om at kommunen har myndigheit til å pålegga den ansvarlege å rydda opp og fjerna avfall, samt betala tvangsmulkt dersom avfallet ikkje vert fjerna og levert til godkjent mottak innan gitt frist.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland